



Lindås ungdomsskule
5955 LINDÅS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 27.11.2018

Dei som møtte: Charlotte F. Søreidet, vara klasse 8a, Erlend Vaktskjold, klasse 8b, Tore Gjerstad, klasse 9a, Merete Fanavoll, vara klasse 9b, Anita Langøy- Jørgenvik, klasse 10a, Solveig Holsen, klasse 10b og Henriette Rolland, rektor.

Referat frå forrige møte og saksliste til møtet vart godkjend.

Sak 12 – 18/19 §9a, det psykososiale miljøet ved skulen, kva kan foreldre bidra med?

Rektor refererte til elevundersøking frå 2017, og ein internt ikkje-anonym undersøking som viser at det er ein del elevar som føler seg mobba. Dette har også vore diskutert i elevrådet og SU. Skulen melder dei jobber aktivt med dette, generelle miljøskapande tiltak som vert synlege neste år er at mobiltelefonar skal vere oppbevarte i innelåste skap, også i friminutta, og eit nytt MOT / aktivitetsrom.

Spørsmålet til FAU/foreldregruppa var: kva kan vi bidra med? Fleire tiltak vart diskutert, bl.a. foreldre/elevkveldar (t.d. kanonball-turninering, bytur, kino). Det vart nemnt at Fritex (Verås Ungdomshus) er eit eigna lokale som kan nyttast etter avtale, Lindåshallen har tider for u-organisert aktivitet, gymsalen på ungdomskulen kan nyttast. Felles for desse er organisert av foreldre (eller elevar) og gjennomført utanfor skuletida.

Det var og framlegg om «aktivitetshjul», der ansvar for ein aktivitet/samling går på runde mellom små grupper av foreldre. Slik vert foredra meir kjent – dette er også viktig for eit godt miljø mellom elevane.

FAU vil diskutere ein konkret plan for dette arbeidet – i mellomtida tenk på kva DU som foreldre/føresett kan gjere for eit betre miljø.

Sak 13 – 18/19 Skidag til Eikedalen ?

Vedtak: Vi har mål om å få til skidag kvart år, med 50/50 deling av kostnader til transport (totalt ca 30.000,-) mellom skulen og FAU. Om den økonomiske situasjonen til FAU endrar seg så må det opp til ny vurdering.

Skidagen går til Furedalens/Eikedalen. Furedalens vil vere kostnadsfritt for elevane, der ein kan gå på ski, ake eller gjere andre aktivitetar i snøen. Skulen betaler leirplass-avgift slik at ein kan bruke grill og andre falisitetar. Dei som ynskjer kan vere i Eikedalen, men her må elevane sjølve kjøpe skikort.

Sak 14 – 18/19 Foredragshaldar om «nettvert»?

Det vart diskutert Barnevakten og politiet. Konklusjonen var at skulen inviterer politiet (i uniform) til skulen for å fortelje om nettvert og straffbare handlingar. Dette vil gå føre seg i mindre grupper (trinnvis).

Sak 15 – 18/19 Evaluering av barnedisco

Kort oppsummert var det eit bra arrangement. Merete oppdaterer dreiebok med ein del praktiske detaljer som dei fann ut av undervegs. Arrangementet gav eit overskot på om lag 13.000,-.

Neste disco (karneval) er 08.02.2018, då er det 8. klasse elevar og foreldre som skal arrangere.

Sak 16 – 18/19 Den økonomiske stoda til FAU

Per i dag har FAU ca 43.000,- på konto, dette er etter at transport til leirskulen 2018 er betalt, men før overskot frå 17.mai 2017 er motteke.

Sak 17 – 18/19 Tilbakemeldingar frå skulen

- Skulen har sett ned forbod mot energidrikk i skuletida.
- Alle klasserom får låsbare skap for mobiltelefonar som vert teken i bruk i januar
- Elevbedriftene i 9. klasse avslutter med salg på Lindås senter 30.11.
- Spesielle dagar på skulen fram mot jul
 - 13.12: lussekattar, pynting av juletre, musikk
 - 20.12: kyrkja
- Ekstra personell (20% lærar, 80% assistent stilling) målretta mot uro i 8. og 9. klasse.

Sak 18 – 18/19 Eventuelt

- Årsmøte i kommunalt FAU – Tore har delteke. Kommunalt FAU har framleis noko uklar organisering og mandat.
- OD dag 2018 vart ikkje gjennomført på grunn av ulike meininger om

årets aksjon i tilsett-gruppa. Rektor tok beslutninga. Det vil bli arrangert ein «OD-dag» til våren der elevrådet har bestemt at inntekta skal gå til kreftsaka.

- Elevar på bensinstasjon – det vart vist til Alver skule og Gabben, der FAU og Gabben saman har innført regel om at elevar ikkje får gå på bensinstasjonen i skuletida, og like før- og etter. Rektor ville ikkje innføre slike reglar for ungdomskule-elevar.
- Heimesida til kommunen og skulen: Denne har blitt kraftig endra slik at det ikkje er mogleg for skulen å legge ut informasjon. FAU vil sende ein klage til kommunen om dette. Inntil vidare vil skulen sende ut informasjon til føresette via Visma
- Visma: Rektor skal undersøke om Visma kan setjast opp til å sende ut e-post når det vert lagd til noko om eleven, t.d. merknader.

